



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Samferdsleavdelinga  
v/ Ole Ingar Hagen Hæreid  
Askedalen 2  
6863 Leikanger

## Høring: Lufthamnstrukturen i Sogn og Fjordane

Fylkeskommunen sitt brev 5.11.2014.

Skatt vest omfattar fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I Sogn og Fjordane har vi skattekontor i Måløy, Nordfjordeid, Florø, Førde, Fjaler, Leikanger/ Sogndal og Årdal. Skatteetaten skal legge fram for Finansdepartementet forslag til ny kontorstruktur, med færre kontor, innan 1.5.2015.

Hovudkontoret for Skatteetaten i Sogn og Fjordane ligg på Leikanger, med ekspedisjon i Sogndal, med totalt ca 75 medarbeidarar. Det er for Skatt vest spesielt viktig med godt flysamband til/frå dette kontoret. Men også for medarbeidarar ved dei andre kontora i fylket er det viktig med gode flysamband i nærområdet, for å kunne delta på dagsmøter i Bergen, Stavanger og Oslo. Elles blir reisetida for lang.

Skatteopplysningen er ei landsdekkande telefoniteneste og hovudkontoret ligg i Leikanger. Ut frå Skatteopplysningen si styring av landsdekkande tenester og funksjonar, har hovudkontoret stor reiseaktivitet til Oslo/Bergen.

Skatt vest har gjennom Skattedirektoratet ein ekstern leverandør av reisebestillingar, og vi har ikkje nøyaktige tal på kor mange flyreiser vi har årleg frå Sogn og Fjordane til Oslo og Bergen. Flyreiser til Stavanger går alltid via Oslo eller Bergen. Tilbakemeldingar frå leiarar i Sogn og Fjordane tilseier ca slik årleg aktivitet:

- Frå Sogndal ca 300-400 reiser til Bergen/Oslo
- Frå Sandane ca 10 reiser til Bergen/Oslo
- Frå Førde/Florø ca 90 reiser til Bergen/Oslo
- I tillegg kjem reiser for leiarar i Bergen, Oslo og Stavanger, til Sogn og Fjordane, skjønsmessig ca 20 % av tala framfor.

Leiarar i Sogn og Fjordane gir tilbakemelding på at både morgonflyet og ettermiddagsflya stort sett er fulle. Ofte er det begrensa med plassar frå Sandane, då dette flyet har mellomlanding i Sogndal. Skatt vest ser det som viktig at det som eit minimum blir halde oppe ein flyfrekvens som sikrar utreise om morgonen og retur om kvelden, både til og frå Sogn og Fjordane.



Med helsing

Karl Husabø  
*Regiondirektør*  
*Skatt vest*

Kopi til: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Anne Karin Hamre  
Skatteopplysningen v/ Ove Nyland